



**Vestland fylkeskommune**  
**Postboks 7900**

**5020 BERGEN**

## Utgreiing av framtidig fylkestilhøyrsløse for Sveio kommune

### Bakgrunn.

Sveio kommunestyre fatta 15. juni 2020 i sak 064/20 slikt vedtak med 24 mot ei røyst:

1. Sveio kommune vil greia ut kva som er det mest tenlege fylket å tilhøyra i framtida, Vestland eller Rogaland. Prosjektet blir innarbeidd i ny planstrategi.
2. Formannskapet blir politisk styringsgruppe for utgreiingsarbeidet.
3. Kommunestyret tek til etterretning at rådmannen etablerer ei tverrfagleg arbeidsgruppe med intern prosjektleiar.
4. Kostnad og framdriftsplan blir å handsama som eiga sak i første møteserie hausten 2020, etter at ein har fått attendemeldig frå andre kommunar om det er interesse for å etablere eit prosjekt som omfattar fleire kommunar enn Sveio.

Punkt 4 i vedtaket vil innebera at ny sak må handsamast av formannskapet 7. september og av kommunestyret 21. september.

### Trong for forskingsbasert kunnskap.

Sveio kommune si fylkestilhøyrsløse har vore tema ved fleire høve. I forkant av at Ølen kommune bytte fylke frå Hordaland til Rogaland med verknad frå 1. januar 2002, blei det stilt spørsmål ved kva konsekvensar dette kunne få for nabokommunane Etne og Sveio. Både dei to kommunane valde då å bli verande i tidlegare Hordaland fylke.

Både Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og fylkesmennene i Rogaland og Hordaland var involverte i prosessen som enda med at Ølen kommune blei ein del av Rogaland i 2002. Det blei gjennomført ei utgreiing i eigen regi der fylkeskommunane og regionale statlege etatar leverte grunnlagsdata for sine verksemdar. Kommunal- og Regionaldepartementet løyvde 150.000 kroner til arbeidet i 2001, noko som svarer til om lag 214.000 kroner i 2019-verdi.

Sveio kommune har ikkje teke stilling til eit eventuelt byte av fylke. Kommunen ynskjer, slik det går fram av kommunestyret sitt vedtak av 15. juni, å sikra seg eit grundig fagleg fundament før ein tek stilling til dette. Difor ynskjer kommunen å knyta til seg eit kompetent forskingsmiljø i utgreiingsfasen.

Sveio kommune si fylkestilhøyrsløse vil ha konsekvensar for både Vestland og Rogaland fylkeskommune både om kommunen vel å gå vidare med ein søknad om fylkesbyte og om kommunen vil velja status quo. Eit godt fagleg grunnlag vil dessutan vera ein føremon som grunnlag for vidare lokalpolitisk handsaming av spørsmålet både i fylkeskommunane og kommunen sjølv. Vidare vil eit godt fagleg grunnlag vera viktig for Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sitt arbeid med ei eventuell førebuing av eit vedtak av Kongen i statsråd, jamfør Inndelingslova § 6.

## Økonomisk ramme for eit utgreiingsarbeid.

Då regionreforma blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2020, var det berre to kommunar som endra fylkestilhøyrsla utan at dette samstundes var ein del av ei kommunesamanslåing. Dei to aktuelle kommunane er Lunner og Jevnaker på Hadeland i tidlegare Oppland fylke. Dei er no ein del av nye Viken fylke, og blei såleis ikkje med inn i nye Innlandet. Eit byte av fylkestilhøyrsla utan kommunesamanslåing er såleis svært uvanleg i Noreg.

På bakgrunn av uformelle samtalar med representantar for ulike kompetente fagmiljø vurderer Sveio kommune det som realistisk at ei fagleg solid utgreiing av spørsmålet om framtidig fylkestilhøyrsla vil ha ei økonomisk ramme mellom 300.000 og 500.000 kroner.

Diskusjonar om kommune- og fylkesgrenser blir ofte prega av sterke kjensler. Sveio kommune ynskjer å leggja til rettes for diskusjonar som er baserte på faktakunnskap. Ei utgreiing av kva som vil vera den mest tenlege fylkestilhøyrsla for Sveio kommune i framtida, må ikkje få skapa vondt blod mellom gode naboar som Rogaland og Vestland. Sveio kommune vil i alle høve halda fram med å vera ein grensekommune, og vil vera avhengig av samhandling med nabokommunar på både sider av fylkesgrensa. Vi har inntrykk av at prosessen rundt Ølen sitt byte av fylke i 2002 var prega av gode og saklege vurderingar og respekt for ulike syn. Vi trur det var viktig for prosessen at både Rogaland og dåverande Hordaland fylkeskommune hadde vore proaktive i forkant av fylkesbyttet. Vi trur difor det vil vera nyttig både for Rogaland og Vestland fylkeskommune å hjelpa til med å byggja eit så godt faktagrunnlag som mogeleg før Sveio kommunestyre skal avgjera om ein søknad om byte av fylkestilhøyrsla er aktuell eller ei.

Sveio kommune er ein etter måten liten kommune med eit ibuartal på vel 5.700. Det vil difor vera eit kjærkome bidrag til utgreiingsarbeidet om fylkeskommunane Vestland og Rogaland kan gå inn med eit økonomisk tilskot på 100.000 kroner kvar. Sveio kommune vil og søkja statleg medfinansiering til prosjektet.

Vedlegg Kommunestyresak 064/20

Med helsing

Jostein Førre  
Rådmann

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.*

### **Vedlegg:**

PROSEDYRE FOR UTGREIING AV FRAMTIDIG FYLKESTILHØYRSLE (710182)